

Rundskriv

Til
statlege verksemdar under Kulturdepartementet
utanom bispedømmeråda

Nr.
V-1N/2014

Vår ref
13/4310 AØ/Ø GLy

Dato
06.01.2014

BUDSJETTTRUNDSKRIV FOR 2015

1. Generelt

Budsjetttrundskrivet gir retningslinjer for arbeidet med budsjettframlegget for 2015, både når det gjeld innhald og utforming.

Verksemdene må utarbeide budsjettframlegget slik at departementet får eit nødvendig grunnlag for departementet sitt arbeid med budsjettframlegget for 2015, jf. pkt. 2–5 nedanfor.

Fristen for innsending av budsjettframlegget for 2015 til Kulturdepartementet er 1. mars 2014.

Budsjettframlegget skal i tillegg til oversendingsbrevet innehalde:

- tekstleg omtale, jf. pkt. 2-4 nedanfor
- utfylt elektronisk rekneark, jf. pkt. 5 nedanfor.

Dokumenta skal sendast i elektronisk versjon til følgjande adresse:

postmottak@kud.dep.no

Dokumenta skal ikkje sendast i papirversjon. Det er viktig at dokumenta blir leverte i format som gjer informasjonen enkelt tilgjengelig for vidare bruk. Reknearkskjema skal leverast i reknearkformat.

2. Mål for verksemda

Dersom verksemdene har forslag til endringar i overordna mål og resultatmål slik dei er formulerte i tildelingsbrevet for 2014, ber departementet om at dette blir innarbeidd i søknaden for 2015.

Det overordna målet skal formulerast mest mogeleg dekkjande for den samla aktiviteten i verksemda, og vere i samsvar med dei rammene som er trekte opp for verksemda i lover, vedtekter, sentrale styringsdokument o.l.

Forslag til dei resultatmåla som verksemda tek sikte på å nå i 2015, skal vere så konkrete som råd. Det er teneleg at resultatmåla blir avgrensa til hovudsatsingsområda for verksemda. Det er vidare viktig at resultatmåla blir formulerte slik at det i ettertid er mogeleg å måle om ein har oppnådd dei resultata som vart sette for verksemda.

I samband med resultatmåla må verksemda óg utarbeide resultatindikatorar som kan angi graden av måloppnåing.

3. Stillingar og lønn

Verksemdene må leggje ved ei utrekning over dei samla lønnsutgiftene til alle fast tilsette spesifisert på stillingskategoriar, lønnstrinn, lønnsbeløp og talet på årsverk på det enkelte lønnstrinnet. Lønnsutgiftene skal førast opp på grunnlag av dei regulativsatsane som gjeld pr. 01.01.2014.

Verksemdene må óg omtale den samla bemanningssituasjonen og om det er lagt opp til auke/reduksjon i talet på årsverk i 2015. Dersom det blir fremma forslag om tiltak som krev nye årsverk for å få gjennomført, må verksemda omtale slike årsverk særskilt. Det må gå fram av omtalen kva den enkelte stillinga skal nyttast til.

Dersom det blir gjort framlegg om omgjerding/oppretting av stilling på leiarnivå, som inneber organisatoriske endringar, må verksemda i tillegg til omtale av framlegget også utarbeide organisasjonskart (eige vedlegg) som viser organiseringa av verksemda medrekna dei nye stillingane.

4. Budsjettframlegg for 2015

Utarbeidinga av budsjettframlegget for 2015 må ta utgangspunkt i den tildelte budsjetttramma for 2014 og rekneskapen for 2013. Det er viktig at budsjettframlegget er kortfatta og poengtert, og at følgjande går klart fram innleiingsvis:

- forslag til nye tiltak med behov for auka midlar
- behov for budsjettauke for å vidareføre eksisterande verksemd
- spesielle forhold som krev ekstraordinære eingongsmidlar.

Verksemder som forvaltar tilskotsmidlar/-ordningar, må også innarbeide omtale av dei aktuelle tilskotsmidlane/-ordningane i budsjettframlegget.

Verksemdene må innleiingsvis gi eit kort samandrag av hovudlinene i budsjettframlegget for 2015 og endringar i forhold til 2014.

Verksemdene må gjere greie for korleis planlagte endringar og forslag til nye tiltak i 2015 vil endre ressursbehovet i forhold til 2014-budsjettet. Forslag til endringar og nye tiltak krev særskilt grunngiving og må innehalde ein kort omtale av tiltaket der ein gjer greie for behovet for og målet med tiltaket, og om tiltaket kan gjennomførast ved omdisponering/effektivisering innanfor eksisterande ressursar. Ved behov for nye ressursar må det gjerast greie for kva gjennomføringa av tiltaket vil koste (lønns- og driftsutgifter, utgifter til investeringar, nye stillingar) både i 2015 og 2016.

I samband med omtalen av budsjettforslaget for 2015 må det også vere ein omtale av planane for verksemda i 2016–2017. Omtalen skal vere kortfatta.

5. Talbudsjettet på elektronisk rekneark

Departementet har utarbeidd eit elektronisk skjema (excel-rekneark), jf. vedlagte kopi av skjemaet "*Budsjett 2015, rekneskap 2013 m.m. – statlege verksemder under Kulturdepartementet*". Skjemaet er lagt ut på Internett under "Regjeringa.no" og kan hentast opp frå heimesidene til Kulturdepartementet under "Dokument\Andre dokument\Skjema". På side 1 i skjemaet er det gitt ei kort orientering om utfylling av skjemaet.

Verksemda må utarbeide talbudsjettet for 2015 etter statens kontoplan, jf. tabell 2 og 3 i vedlagte kopi av det elektroniske skjemaet. Talbudsjettet skal førast opp med tre kolonner:

- ↖ rekneskap 2013
- ↖ løyving 2014
- ↖ framlegg 2015

Alle kronebeløp skal rundast av til nærmaste tusen kroner, også rekneskapstal.

Følgjande tabellar i det elektroniske skjemaet skal fyllast ut:

- tabell 1: Administrasjon
- tabell 2: Budsjettframlegg for 2015 – utgifter
Budsjettframlegget skal inkludere utgifter til ev. nye tiltak.

Lønnsutgiftene for 2015 skal budsjetterast med "nettolønn", jf. Finansdepartementets rundskriv R-101/2013, pkt. 4.3.1 Postene 01-29 Statens egne driftsutgifter, og ut frå lønnsnivået pr. 01.01.2014.

Driftsutgiftene under underpost 01-2 Varer og tenester skal utarbeidast i 2014-kroner.

Oppdragsutgiftene under utgiftspost 21 og oppdragsinntektene under inntektspost 02/07 skal balansere (gjeld ikkje Riksteatrets turnéutgifter under kap. 324, post 21 og billett- og salsinntektene under kap. 3324, post 02).

Verksemder som forvaltar tilskotsordningar må også føre opp beløp for dei aktuelle tilskotsordningane i tabell 2.

Kommentarane til post 45 Større nyinnkjøp og vedlikehald må omtale:

- disponering av løyvinga i 2013 og ev. overført ubrukt løyving frå 2012
- planlagt disponering i 2014

- behov for 2015
- tabell 3: Budsjettframlegg for 2015 – inntekter
Aktuelle inntektspostar må fyllast ut, også rekneskapstal for 2013, og kommenterast. Inntektene under inntektspost 02/07 må byggje på eit realistisk overslag over det omfanget verksemda reknar med at aktiviteten vil få i 2015.
- tabell 4: Oppsummering av budsjettframlegget for 2015 – tiltak som krev auka løyving
Endringar/nye tiltak som treng nye ressursar i 2015, skal først opp med kostnads-overslag i eiga oppstilling i prioritert rekkefølge. Nærmare grunngiving av forslaga skal framgå av den tekstlege delen av budsjettframlegget, jf. pkt. 3 ovanfor.
- tabell 5: Spesifikasjon av leigeareal og husleigeutgifter
(gjeld berre verksemdar som får løyvinga frå budsjettkapitla 320–329)
Alle leigeavtalar, både i statlege bygg og i bygg som er leigde av privat utleigar skal først opp.
- tabell 6: Tilsegningsfullmakt i 2014 (gjeld berre Kunst i offentlege rom)
Tilsegningsfullmakter fastset det maksimumsbeløpet som ein til kvar tid kan ha ståande som tilsegn utan dekning i løyving. Når ein ber om fullmakt for ein ny termin, må ein derfor i tillegg til behovet for nye tilsegner i 2015 også rekne med kor mykje av tidlegare tilsegner som ikkje vil vere utbetalt per 01.01.2015. For nærmare omtale viser vi til Del II, pkt. 2.5.2.1 i Veileder i statlig budsjettarbeid, utarbeidd av Finansdepartementet i mars 2012.
- tabell 7: Personale
- tabell 8: Publikum
- tabell 9
- a,b og c: Aktivitetar

(gjeld berre verksemdar som får løyvinga frå budsjettkapitla 320–329)

Alle beløp som blir førte opp i talbudsjettet for 2015 krev kommentar/nærmare grunngiving.

Med helsing

Henning Henriksen e.f.
assisterende departementsråd

Gry Lytjohan
seniorrådgjevar

Vedlegg